

Sokrates

Sokrates vart fødd i Athen i år 470 før Kristus.

Han var lærar.

Han gjekk rundt og snakka med folk.

Han kunne stå i mange timar og berre gruble.

Han fann på eit ordspråk:

Klokast er den som veit at han ikkje veit.

Sokrates gav aldri noko svar til elevane sine.

Han stilte dei berre spørsmål.

Elevane måtte tenkje ut sine eigne svar.

Sokrates tok ikkje betalt som lærar.

Han fekk mat og gåver frå venner og fann myntar på gata.

Sokrates døydde da han var 71 år gammal.

Folk som ikkje likte det han dreiv med, fekk han dømd til døden. Han måtte drikke eit beger med gift.

I dag lever mange av visdomsorda hans vidare.

ordspråk:

setning som
fortell noko
om livet

**Oppgåver:**

Sjå Elevbok 4B side 27.

Gjer oppgåvene 1, 3, 4, 5 og 6.